

Gustav Metzger: The Table Series

Kunsthuset Kabuso 27.05-03.09 2017

Gustav Metzger (1926-2017) var ein pioner innan aktivistisk kunst og søkte tidleg korleis han kunne foreine kunstnarisk verksemd med samfunns- og miljøengasjement. Metzger var ein sentral kunstnar innan britiske avant-garde og fluxus-rørsla. Kampen for nedrusting av atomvåpen var eit viktig område for Metzger sitt engasjement. Han hadde eit anti-kapitalistisk syn på verda og tok avstand frå den kommersialiserte kunstverda, noko som førte fram til kunstnarstreiken *Years without Art 1977-1980*. *Sjølvydeleggende kunst* eller *auto-destructive art* er óg omgrep som er sterkt knytt til Metzger. Gjennom bruk av syre på nylon laga han på byrjinga av 60-talet kunstverk som stod for si eiga øydelegging.

Metzger vart fødd i Nürnberg i Tyskland og kom til England som 12-åring saman med eit av dei fire syskena sine. Resten av familien vart offer for den store jødeutryddinga. Han gjekk fyrst i lære som møbelsnikkar, medan han drøymde om å verta skulptør. Kunstutdanning fekk han frå 1945 på London's Borough School of Art, kor han var elev av den britiske målaren David Bomberg(1890-1957). Bomberg var ei viktig kjelde til inspirasjon for Metzger, både kunstnarisk og politisk.

Utstillinga i Kabuso syner tidlege måleri og teikningar og eit par stadspesifikke verk frå dei seinaste åra. Metzger var aktiv som kunstnar inntil det siste, og utstillinga i Kabuso var under planlegging medan han framleis levde.

The Table Series

Table ca. 1957-8

Olje på lerret, privat samling

Table ca. 1957-8

Pastell på papir, privat samling

Utstillinga trekker fram tidlige verk som *Table Paintings* og *Table Drawings*, som tidligare ikkje har vore stilt ut samla. Bileta er frå perioden 1957-58, like før han gjekk heilt vekk frå måleriet og byrja utforska korleis kvardagslege objekt kunne nyttast i kunsten. Metzger budde på den tida i landsbyen King's Lynn i Norfolk.

Bileta er stilleben og førestiller ulike antikke bord, runde og firkanta. Dei er ekspressivt og skulpturelt forma på lerretet eller papiret. I dei seinaste måleria er det tjukke lag med måling påført med palettkniv. Rørsla går i veret og kan i fleire av bileta forvekslast med ein atomsky. Bileta er på ei og same tid intime og monumentale. Borda representerer noko trygt og heimleg, medan dei hintar mot ei

dyster og dystopisk framtid. Bileta vart til i ei tid kor atomtrusselen var trykkande, og Metzger var sjølv aktiv i den lokale anti-atomrørsla i Kings Lynn. *The Table Series* syner slik ei gryande samansmelting av kunst og politikk i Metzger sin kunstnarskap.

***Mirror trees* (2009/2017)**

Ask, betong

Mirror trees består av tre ulike tre som er vendt opp ned. Toppen er støypt ned i betong, medan røtene veivar i veret. Dei ville trea er flytta innandørs. I desse omgjevnadene kan dei minne om søyler. Verket syner ein brutalitet, men er samstundes poetisk. Her er det røtene og rotsystemet som strekk seg i veret, ikkje trekrona. Dei syner ei verd som er snudd på hovudet og er eit bilete på korleis menneska behandlar naturen. Naturen er i dette høvet flytta inn i galleriet og på den måten framandgjort. *Mirror trees* er eit stadspesifikt kunstverk. Trea som er nytta er henta frå ein skog i nærleiken av Øystese og storleiken er tilpassa rommet dei står i.

Naturvernarrar i Øystese og Hardanger har fleire gonger stått opp for å verne naturen i lokalsamfunnet. For ikkje mange år sidan var kampen mot dei sokalla monsternestene viktig, medan det i dag er ein pågåande kamp for vern av Øystesevassdraget.

***Mass media: Today and Yesterday* (1972/2017)**

Installasjon med lokale aviser, magnetavle

Kjernen i *Mass media* er tusenvis av aviser installert i bunker på golvet. Ved sida av finn ein eit bord med eit utval aviser og ei magnetavle. Metzger utfordrar publikum til aktivt å granske avisene grundig, kritisk og analytisk. Publikum vert invitert til å leite etter tekst, ord og bilete frå nyhendene som relaterer seg til *klima*. Utklippa som publikum har hengt opp, oppmodar ein om å reflektere over innhaldet i nyhende som vert trykt kvar dag.

Mass media er óg eit stadspesifikt verk. Det siste halve året har Kabuso bedt folk om å donere aviser til verket. Alle avisene i installasjonen er frå Hordalandsregionen og i Kabuso er tema for verket klima, som ein mellom anna kan relatera flaumane som har råka Vestlandet dei siste åra.

Aviser har stått i sentrum for fleire verk av Metzger. På ulike måtar har han ynskt å setje fokus på korleis media forhold seg til avgjerande hendingar i verda, om det gjeld naturkatastrofar, trua dyrearter, forureining, finanskrisa eller utrydding. Om folk ikkje forhold seg passive til nyhendene, kan media representera eit potensiale for endring.

Utstillingen er kuratert av Synnøve Marie Vik og Leanne Dmyterko for Kabuso.

